



Har Uskedalen nok med Festidalen?

Ein ide frå ein røynd festival- og konsertarrangør i Haugesund, Sten Olav Helgeland, om ein festival til i Uskedalen fekk ei blanda mottaking under møtet i Dialogforumet i Gamleskulen måndag kveld. Haugesundaren tenkjer seg ein musikkfestival der ein hentar inn toppartistar og i tur og orden presenterer stilartar frå heile verda (men berre ein kvart år). Helgeland har vore på synfaring i Uskedalen

Ideen, som vart formidla av Magne Huglen, har som føresetnad eit stort engasjement frå lag og foreningar i bygda og at ein skal ta i bruk dei "arenaer" som er tilgjengelege – frå Helgheim til telt på grusbana.. Ein slik festival vil vera unik i Norge, men Føde har noko lignande.

Festivalsjef Sveinung M. Pile opplyste på møtet at Festidalen-leiinga no tenkjer i mykje av dei same banane når det gjeld å involvere bygda. Men han anbefalte at mannen med ideen blir kalla inn til eit møte i Uskedalen der han kan få møta lag og foreningar.

Huglen streka under at Festidalen må få lov til å utvikla seg vidare utan at det blir plassert nokre skjær i sjøen for festivalen og at bygda berre bør satsa på ein festival til hvis den får noko att for satsinga.

Mannen med ideen om ein festival til i Uskedalen har arbeidd i bransjen og med festivalar i mange år og mellom andre stått bak rootsfestivalen i Vikedal helga etter Skånevikfestivalen. Vikedalfestivalen står alle lag og organisasjonar i bygda bak og dei skal sitte att med så mykje som ein million til deling etterpå. Men eit slikt opplegg krev ein stor arrangementsstab og mykje jobb med organiseringa. Opplegget må vera slik at laga ikkje risikerer ein baksmell.

Helgeland meiner at det vil vera ein god ide å satsa på Uskedalen på grunn av at bygda ligg så sentralt. Han strekar under at festivalen ikkje må bli prega av støy og fest, men av dei gode konsertopplevelsane. Festivalen vil krevja førebuing i minst halvtanna år og eit realistisk startår blir derfor 2011.

Arrangementet bør leggjast slik opp at det utløyser store tilskot frå statleg hald, men det første året blir det ikkje aktuelt med eit budsjett på meir enn 250 000 kroner. For ikkje å øydeleggja for Festidalen kan midten av juni vera eit passande tidspunkt.

I diskusjonen om saka vart det sagt at det i dette tilfelle kunne bli "smør på flekk" fordi dei same laga kan bli engasjert til dei to festivalane, og då blir slitasten for stor. Og det vart sagt like ut at Uskedalen har nok med Festidalen slik opplegget no skal bli for denne godt etablerte festivalen.

Av Ola Matti Mathisen